

Tale ved lunsjen i Håkonshallen, 16.april 2023

Dykkar Majestet,
Vyrde gjester,
Kjære alle saman!

I ein song frå heimbygda mi syng bandet Hellbillies om «røta ein ikkje kan fløta», og om ein veg som går mellom fortid og framtid.

Sjølv om jordbruket i fjellbygdene i Hallingdal nok kan fortone seg litt skrint når ein samanliknar det med fruktbar vestlandsjord, vil eg seie følgjande:
Ein skal verdsetje røtene sine! Og ein kan setje nye.

Bjørgvin bispedøme har djupe røter som synleggjer tilhøvet mellom kyrkje og folk, og her *er* verkeleg vegar mellom fortid og framtid.

Denne dagen minner oss om alt dette:

Om røter som har vore i jordsmonnet i hundreår.

Om forteljingar og segner, og ikkje minst historiske hendingar som har forma ikkje berre landsdelens, men heile landets forteljing, og som vi no går inn i viktige år for å minnast og for å fortolke kva dei kan bety for oss i dag.

Vi er i eit bispedøme der kyrkjehusa har samla menneske i sorg og glede gjennom generasjonar, og der liv og tru har gått hand i hand med natur og livsvilkår og fått utvikle seg saman med dei som bur her.

Men nye røter skal også vekse nedover i jorda når unge spirer snart skal setjast i vårklaråker. Vear og nye stigar skal finne si retning. Men alltid også med vissa om at før oss har nokon trakka opp spor for oss å gå i.

For meg er biletet om røtene - og vegane mellom fortid og framtid - til stor oppmuntring når eg skal ta til i mi gjerning som biskop i Bjørgvin.

Dei gjev retning for korleis vi kan tenke om kyrkja si rolle i eit samfunn der vi som trussamfunn og fortolkar skal ta vare på historie og tradisjonar og vissa om Evangeliets aktualitet. Men der vi også skal møte tida og verda vi lever i med vørtnad, tillit og nysgjerrighet.

Vi har mykje god arv å ta med oss inn i tida vi lever i. Bibelforteljingane er ein slik arv. Ei av dei er eg særleg glad i. Det er forteljinga frå Lukasevangeliet om den fortapte sonen. Eg meiner den handlar om både røter og vear:

Den unge sonen i forteljinga dreg ut i verda med ungdommeleg iv er og ein del trass i seg. Lenge går det bra å ikkje tenke på, eller ta omsyn til røtene sine, men heller kaste seg over det som er nytt, spennande og freistande. Men så kjem det ein dag for tomhet.

Det som var så forjettande, har i staden vorte mørke.

Det som var så lett å seie farvel til, er no eit lys i det fjerne, det einaste som kjennes rett å reise attende til.

Så veit vi at sonen kom heim, vart teken i mot med forventning og i kjærleik, og bordet vart dekka for han. Kanskje torde han til og med å reise ut igjen – men no med ein annan bagasje. Men det var ein lang veg dit.

Og eg tenker at *mellom tomheten og festen* er det så viktig at der er nokon som kan lytte, vere vegledar og oppmuntre. Nokon som kan stadfeste *dei gode røtene*; dei vi ikkje skal forkaste. Men også oppmuntre til å sjå seg sjølv, sjå Gud og sine medmenneske med eit nytt kjærleg blikk. Og som kjenner at det er godt å gå på den vegen som både er min å forme, men som også er forma av dei som har gått her før meg.

Eg er stolt og takknemleg over å vere del av Jesu Kristi kyrkje på jorda – som har fått i oppdrag å forkynne, formidle og fortolke. Som skal ynskje velkommen til bordet og festen. Og i dag også takke for fellesskap og gjestfridom som har blitt oss til del. Vi treng slike dagar. Eg kjenner meg bore av det fellesskapet som har blitt meg til del, og som eg no skal gå inn i.

Må den allmektige, kjærlege Gud velsigne oss alle!